

Anne Steinsvik Nordal

Nynorsk i bokmålsland

Ei gransking av undervisningspraksis og haldningar til
nynorsk som sidemål i ungdomsskulen i Bærum



HØGSKULEN I VOLDA



2004

Prosjekttittel	Nynorsk som sidemål (forprosjekt)
Prosjektansvarleg	Høgskulen i Volda
Prosjektleiar	Kjell-Arild Madssen
Finansiering	Læringsenteret
Forfattar	Anne Steinsvik Nordal
Ansvarleg utgjevar	Høgskulen i Volda
ISBN	82-7661-209-1 (elektronisk utgåve) 82-7661-208-3 (papirutgåve)
ISSN	0805-6609
Sats	Bente Lien
Distribusjon	http://www.hivolda.no/fou

Anne Steinsvik Nordal er høgskulelektor ved Høgskulen i Volda, med nordisk og didaktikk som fag.

Arbeidsrapportserien er for faglege og vitskaplege arbeid som ikkje fullt ut stettar krava til forskingsrapportar. Det kan vere delrapportar innanfor større prosjekt, eller læremateriell knytt til undervisningsføremål.

Arbeidsrapportane skal vere godkjende av anten dekanus, gruppeleiar, prosjektleiar (for IAAI: instituttleiar) eller ein annan fagperson dei har utpeika og forskingskoordinator ved HVO. Kvalitetssikringa skal utførast av ein annan enn forfattar.

Innhaldsliste

I. Innleiing	5
II. Gransking av undervisningspraksis og haldningar	7
III. Resultat frå granskingsa.....	9
Utdanning.....	9
Nynorskundervisning i Bærum.....	16
Haldningar til nynorsk.....	22
Betre nynorskopplæring	26
IV. Samandrag.....	28
Litteraturliste.....	31

Vedlegg

I. Innleiing

Departementet har i Stortingsmeldinga *Kultur for læring* (2003–2004) gjeve tydelege signal om at nynorskopplæringa skal styrkast. Å kartlegge korleis opplæringa i nynorsk som sidemål fungerer i skulen, har vore ein del av forprosjektet i forskingsprosjektet *Nynorsk som sidemål*, som Høgskulen i Volda har fått løyvingar til frå Læringsenteret, og denne rapporten går inn som ein del av forprosjektet. Ved å forske på nynorskundervisninga slik ho er i dag, kan ein legge grunnlag for utvikling og styrking av denne undervisninga. Det har vist seg at å få til endringar i undervisninga i skulen vanlegvis er enklare når det gjeld struktur enn når det gjeld pedagogisk innhald. I Stortingsmelding nr. 79 (1983-84) som handlar om pedagogisk utviklingsarbeid og forsøksverksemd i skuleverket frå 1981- 83, heiter det:

Det er forholdsvis lettere å få lærere til å undervise i nytt stoff, å utvikle nye lærebøker eller gi skolen nye funksjoner som f. eks. spesialundervisning og yrkesorientering. Det er vanskeligere å utvikle en kvalitativt bedre undervisning, fordi dette krever en ny forståelse av skolen og dens plass i samfunnet.

For å få til endringar i nynorskundervisninga må ein kartlegge både strukturen i undervisninga og det pedagogiske innhaldet i denne delen av norskfaget. Denne granskinga prøver først og fremst å få tak i forståinga lærarar har av den nynorskundervisninga dei driv. Granskinga er ei situasjonsskildring og kartlegging, men her finst og forslag frå lærarane om tiltak for å oppnå betre resultat. Å utvikle ei kvalitativ betre undervisning i nynorsk som sidemål er eit langsigktig arbeid, men å få vite noko om korleis denne undervisninga fungerer i dag må vere eit utgangspunkt for dette arbeidet.

Betre sidemålsopplæring i Bærum er eit prosjekt som vart sett i gang hausten 2003, og som skal halde fram til sommaren 2005. Det var Bærum Mållag som utvikla ideen til prosjektet på eit temamøte våren 2003. Nokre av dei som var med på møtet var lærarar, og dei var samde om to ting:

- det er utfordrande å motivere elevar i Bærum til å lære nynorsk
- det vert drive mykje bra sidemålsundervisning rundt om på skulane, men lærarane kjenner ikkje til alt det som finst av gode idear, metodar, materiell og læremiddel som kan nyttast i nynorskundervisninga

Fem lærarar frå fire av ungdomsskulane i kommunen og ein representant frå Bærum mållag danna ei prosjektgruppe, og arbeidde vidare med ideen til prosjektet. Knut Åge Teigen ved Ringstabekk skole, er leiar for prosjektgruppa. Denne gruppa har laga prosjektskisse og budsjett og seinare søkt om midlar frå kommunen til prosjektet. Kommunalsjefen var positiv og det vart løyvd 100.000 kr. til prosjektet. Grunngjevinga for å satse på nynorskopplæringa er mellom anna dei därlege resultata elevane oppnådde til eksamen i sidemål i 2002. Kommunalsjefen og mange lærarar i ungdomsskulen ønskjer ei fagleg opprusting av sidemålsopplæringa i Bærum.

Ivar Aasen-instituttet ved Høgskulen i Volda, vart i 2003 kontakta med spørsmål om å vere med på prosjektet *Betre sidemålsopplæring i Bærum*, ved å gjere ei granskinga av situasjonen for sidemålundervisninga. Den første granskinga vart gjort på ungdomsskulane i Bærum kommune skuleåret 2003/2004, og ei oppfølgjande gransking skal gjerast våren 2005.

Mål for prosjektet i Bærum:

- Kartlegge undervisningspraksis og haldningar til sidemålet hjå norsklærarane på ungdomsskulen
- Skape eit forum der norsklærarar kan dele erfaringar om sidemålsundervisninga
- Tilby norsklærarar etterutdanning i nynorsk
- Gjere tilgjengeleg ein idébank for god sidemålsundervisning

Prosjektet er samansett av desse delane:

- etterutdanningskurs i nynorsk som sidemål for lærarar i ungdomsskulen
- erfaringsdeling gjennom fleire lærarsamlingar
- samling av gode undervisningsopplegg i ein ressursbase
- elevkonkurranse om beste nynorske kulturbidrag
- ei gransking av lærarane sin undervisningspraksis og kva haldningar dei har til nynorskundervisninga (haust 2003 og vår 2005)
- Samarbeid med Det Norske Samlaget gjennom "Den kulturelle skulesekken". Fire skular får utvida forfattarvitjingar.

II. Gransking av undervisningspraksis og haldningar

Det var eit ønskje frå prosjektgruppa å få gjort ei gransking mellom lærarane som skulle vere med på prosjektet, både for å sjå korleis stoda var når det galdt nynorskundervisning, og fordi ein ynskte å registrere eventuelle endringar av undervisningspraksis og haldningar til sidemålsundervisninga ved slutten av prosjektet. Denne granskinga skulle vere både ei kartlegging av situasjonen i sidemålsopplæringa hausten 2003, og eit samanlikningsgrunnlag for seinare granskingar.

Eg kom med i prosjektet *Betre sidemålsopplæring i Bærum* hausten 2003, då eg vart spurd om å gjere ei gransking av undervisningspraksis og haldningar til nynorsk som sidemål mellom ungdomsskulelærarane i Bærum kommune. Tidlegare har eg arbeidd med haldningar til nynorsk som hovudmål hos ungdomsskuleelvar i Volda, og erfaringane frå dette arbeidet har eg brukt som grunnlag for utforminga av denne spørjegranskingsa. Fleire av kollegaene mine las gjennom og kommenterte spørsmåla, og ein lærar frå respondentgruppa gav også tilbakemelding på spørsmåla før eg sende dei ut til prosjektleiarene i Bærum, Knut Åge Teigen på Ringstabekk skole. Svara eg har fått inn meiner eg er verdfullt materiale som kan seie ein god del om kva ein bør arbeide med for å få til betre nynorskundervisning på skular med bokmål som hovudmål.

Denne spørjegranskingsa er innsamling av informasjon frå 88 norsklærarar på åtte ungdomsskular i Bærum som har gjeve svar på 28 spørsmål i eit skjema. I alt er det 130 norsklærarar i ungdomsskulen i Bærum i skuleåret 2003/2004. Dei som har svart på spørsmåla, vert omtalte som respondentar. I granskingsa er det interessant å sjå både på svara på kvar enkelt spørsmål, og samanhengen mellom svara frå alle respondentane. (Prosenttal i teksta er avrunda til nærmaste heile prosent.)

Når alle spørsmåla og svara vert gjevne skriftleg, vert omgrepene *enkét* ofte brukt om denne typen spørjegranskingsa. Denne granskingsa er ein postenkét, fordi spørsmåla vart sende ut med e-post og returnerte med vanleg (papir-)post. Ein fordel med postenkétar er at ein ikkje veit kven som svarar, og at ein med redusert kontroll kan få svar på spørsmål respondentane elles kunne vere tilbakehaldne med å svare på. Anonymitet til respondentane er godt teken vare på ved å bruke ei slik innsamlingsform. Eit minus med eit tilsendt spørjeskjema kan vere

at det er lett å legg det til side og gløyme å svare. I dette tilfellet tok prosjektgruppa ansvar for å purre på dei som var seine med å svare, slik at prosenten av lærarar som svarte er 68 %.

Spørjeskjemaet (sjå vedlegg) har 28 spørsmål, der 26 er lukka spørsmål (eller spørsmål som gjev lukka svar) og to er opne spørsmål. Dei lukka spørsmåla har ulike svaralternativ, og om lag halvparten er ja-/nei-spørsmål. Dei andre spørsmåla har tre eller fire svaralternativ. Desse spørsmåla inneheld dei svaralternativa som ein reknar med er relevante. I denne granskninga er det valt å bruke mest lukka spørsmål fordi ein då har høve til å styre respondentane inn på det nivået ein ynskjer. Lukka spørsmål brukar ein gjerne når forskaren meiner å kjenne utfallsrommet og tvinge respondentane til å svare på eit visst presisjonsnivå (jf Østby, Helland, Knapskog og Larsen 2002:143). Utfallsrom vert brukt om alle moglege og rimelege og substansielt ulike svar som kan tenkjast på spørsmålet.

Ved opne spørsmål er det respondenten som definerer og formulerer dei svarkategoriane han vil bruke. Om ein brukar opne spørsmål, får ein sjølvsagt meir nyanserte svar, men det kan vere vanskelegare å samanfatte og handsame spørsmåla systematisk. Dessutan tek det lengre tid å svare på opne spørsmål. Opne spørsmål brukar ein og når talet på svaralternativ er for stort, eller ein vil fange nye tendensar. Spørsmål 28 er eit døme på eit ope spørsmål der ein gjerne vil ha fram mange alternativ og fange nye tendensar og idear: *Kva er, etter di meinig, det viktigaste å ta til med for å få til betre nynorskundervisning i ungdomsskulen?*

Å få tak i 'data' som er uomtvistede og intersubjektive, er vanskeleg fordi data ofte er noko så subjektivt som umiddelbare røynsler og opplevingar. Dei spørsmåla som skal måle meininger, haldningar og verdiar, vil lett røre ved kjensler, erfaring, kunnskap og kvar einskild si oppfatting av røyndomen. Spørsmål om kva haldning ein har til noko, fører som regel til at ein tenkjer over og vurderer spørsmålet, og det igjen fører som regel til at medvitsnivået vert høgre. Haldningar vert utvikla gjennom påverking over tid, og skulen og samfunnet elles må i høg grad vere interessert i kva haldningar og innstillingar lærarane har til den opplæringa dei gjev. Det er både nyttig og interessant å få vite noko om korleis læreplanen vert oppfylt og undervisninga fungerer i denne delen i norskfaget.


III. Resultat frå granskninga

Til saman 88 norsklærarar frå åtte ungdomsskular i Bærum kommune har vore med og svart på spørsmål omkring opplæring i og haldning til nynorsk som sidemål. Det er 26 menn (30 %) og 62 kvinner (70 %) som er med i granskninga, det vil seie at berre ein tredel av norsklærarane er menn. Dette er ein uvanleg høg prosent kvinner, på landsbasis er det om lag like mange kvinner som menn som underviser i norsk på ungdomstrinnet (Lagerstrøm 2000:1).

Utdanning

På spørsmål om kvar lærarane er utdanna, ved universitet, høgskule eller om dei ikkje har formell lærarutdanning (spørsmål 2), svarar om lag 63 % av lærarane at dei har rein universitetsutdanning, og 21 % at dei har rein høgskuleutdanning, medan 14 % har utdanning både frå universitet og høgskular. Berre 2 lærarar manglar formell utdanning. At så mange av lærarane i grunnskulen har utdanninga si frå universitetet, kjem truleg av at Bærum ligg nær universitetet i Oslo, og at det gjer det enklare å ta universitetsutdanning enn mange andre stader i landet. På landsplan har kvar fjerde lærar i ungdomsskulen grunnutdanning på universitetsnivå, så norsklærarane i Bærum ligg langt over dette gjennomsnittet (Lagerstrøm, B. 2000: 21).

v2 Utdanning



4: Kor mykje norskutdanning har du utover vidaregåande skule?

Spørsmål om respondentens faktiske situasjon, som til dømes utdanning, kan ein rekne som faktaspørsmål. Spørsmåla i granskingsa av typen 'faktaspørsmål' skulle vere enkle å svare på for dei fleste. Denne typen spørsmål gjev vanlegvis reliable (pålitelege) svar om dei er eintydig og klart formulert. Likevel kan ein møte motvilje mot å avsløre nettopp slike fakta som til dømes utdanning, fordi det kan vise mangel på kvalifisert utdanning for jobben. Her er det spurt om lengda på norskutdanninga ut over vidaregåande skule.

v4 Norskutdanning ut over vidaregåande skule

Kategorinamn	Kode	Antal	%Alle	%Gyldige
1/2 år	1	18	20.5	22.5
1 år	2	44	50.0	55.0
mellomfag	3	12	13.6	15.0
hovudfag	4	6	6.8	7.5
Manglar	9	8	9.1	-
Sum		88	100.0	100.0

Inkludert 80 einingar av i alt 88

Nokre av lærarane skreiv kommentarar i margen ved spørsmålet om kor mykje norskutdanning dei har, og peika på at dei som har høgskuleutdanning frå nokre år tilbake ikkje fekk norskdelen av utdanninga si spesifisert i studiepoeng. Desse lærarane kan difor ha utdanning som ikkje er kvantifisert, og som difor ikkje kjem godt nok fram i resultata av granskingsa.

Utdanningsnivået for kvinner og menn fordeler seg slik: 7 menn (33 % av dei 21 mannlige lærarane som har svart på spørsmålet) og 11 kvinner (19 % av dei 59 kvinnelege lærarane som har svart på spørsmålet) har ½ års vidareutdanning, 34 kvinner (58 %) og 10 menn (47 %) har årseining i norsk, men på mellomfagsnivå (11/2 års tilleggsutdanning) er det 11 kvinner (19 %) og 1 mann (5 %). På hovudfagsnivå er det 3 kvinner (5 %) og 3 menn (14 %), der er altså menn forholdsvis sterkare representert. Det er altså mest menn på det lågaste og det høgste utdanningsnivået, medan kvinnene er høgst representert på mellomnivåa. Ein må også legge merke til at det er 8 lærarar som ikkje har svart på spørsmålet om utdanning, og av dei er det 5 menn og 3 kvinner.

v4 Norskutdanning ut over vidaregåande skule**v1 Kjønn**

Råtal

	1/2 år	1 år	mellomfag	hovudfag	Sum
Mann	7	10	1	3	21
Kvinne	11	34	11	3	59
Sum	18	44	12	6	80

Inkludert 80 einingar av i alt 88


Om ein samanliknar med utdanningsnivået i norskfaget på ungdomstrinnet på landsbasis, så viser ei granskning frå Statistisk sentralbyrå at halvparten (48 %) av lærarane på ungdomstrinnet har 20 vekttal eller meir med norskutdanning (Lagerstrøm, B. 2000:48). I ungdomsskulen i Bærum er utdanningsnivået høgre, berre 9 % av lærarane har ikkje kryssa av for noko alternativ, og det *kan* tyde på at dei har mindre enn eit halvt år norskutdanning ut over vidaregåande skule. Tabellen viser at om lag 90 % av lærarane i alle fall har $\frac{1}{2}$ år (30 studiepoeng) eller meir med norskutdanning etter vidaregåande skule.

Lærarane i Bærum har kort veg til utdanningsinstitusjonane, og det kan ein sjå i samanheng med at dei fleste er svært godt kvalifiserte. Mange av lærarane er kvalifisert til å undervise i vidaregåande skule og på høgskular, men arbeider likevel i ungdomsskulen. Ein grunn til at dei vert verande i grunnskulen kan vere at grunnskulelærarar får løn etter utdanning, ikkje etter kva lærarjobb dei er tilsette i. Ein annan grunn kan vere større konkurranse om jobbane i eit område som ser ut til å ha mange høgt kvalifiserte lærarar. At så mange har lang utdanning i norsk, må i alle tilfelle reknast som eit gode for norskundervisninga i skulen.

8: Meiner du lærarutdanningsinstitusjonane gjev god nok opplæring i nynorsk?

Nesten halvparten (49%) av lærarane svarar *veit ikkje* på spørsmålet om lærarutdanningsinstitusjonane gjev god nok opplæring i nynorsk. Svaralternativet *veit ikkje* er ofte eit tvitydig svaralternativ. Årsaka til at ein respondent svarar *veit ikkje* kan vere enten at han manglar naudsynt innsikt, eller at han har så god innsikt at han har vanskeleg for å velje mellom få, enkle svarkategoriar, og difor ikkje vil svare på spørsmålet (jf Haraldsen, G. 1999: 141). 19 lærarar (22 %) svarar at dei meiner lærarutdanningsinstitusjonane gjev god nok opplæring i nynorsk, og det er under ein fjerdedel av alle respondentane. At så mange svarar *veit ikkje* kan kome av at dei oppfattar omgrepene 'lærarutdanningsinstitusjonar' som høgskular, og at dei ikkje kjenner opplæringa der.

v8 God nok opplæring i nynorsk i lærarutdanningsinstitusjonane



Om ein går nærmare inn på svara, og set spørsmål 2 (om kva type utdanning ein har) opp mot spørsmål 8 (om lærarutdanningsinstitusjonane gjev god nok utdanning i nynorsk), ser ein at berre 2 av dei 18 som har høgskuleutdanning, meiner at nynorskopplæringa er god nok, og berre 3 av dei 12 med høgskule + universitetsutdanning svarar det same. For dei som er universitetsutdanna er det 14 av 55 som meiner utdanninga er god nok. Dei som er universitetsutdanna er meir nøgde med utdanninga enn dei som har høgskuleutdanning, men ingen av gruppene er særleg godt nøgde med norskutdanninga dei har når det gjeld nynorsk.

v8 God nok opplæring i nynorsk i lærarutdanningsinstitusjonane
v2 Utdanning

Råtal

	ja	nei	veit ikkje	manglar	Sum
<hr/>					
Høgskule	2	8	7	1	18
Universitet	14	13	28	0	55
Høgskule og universitet	3	4	5	0	12
Utan formell lærarkompetanse	0	0	2	0	2
<hr/>					
Sum	19	25	42	1	87
<hr/>					

Inkludert 87 einingar av i alt 88

At dei som er utdanna på høgskulane er minst nøgde med opplæringa i nynorsk, er særleg urovekkande. Høgskulane har tradisjonelt hatt hovudsvar for lærarutdanninga i Noreg, og at lærarane er misnøgde med utdanninga dei får i nynorsk ved høgskulane, er tydeleg. Ei granskning av nynorskopplæringa i lærarutdanninga viser at som studentar som gjennomførte Norsk 1 (obligatorisk norsk i allmennlærarutdanninga) i 2003-2004, fekk mellom 2 og 15 timer nynorskundervisning, og at nynorsk som sidemål i svært liten grad vert tematisert i den mest brukte pensumlitteraturen på Norsk 1 (Jansson, B. K. 2004b).

14: Meiner du at du har nok fagleg kunnskap om nynorsk til å gje fullgod nynorskundervisning?

Trass i at mange lærarar meiner opplæringa i nynorsk ikkje er god nok i lærarutdanningsinstitusjonane, meiner likevel 73 % av lærarane at dei har nok fagleg kunnskap i nynorsk til å gje fullgod nynorskundervisning, medan dei resterande 27 % svarar *nei* på spørsmålet.

Desse svara samsvarar ikkje godt med svara på spørsmålet om lærarane meiner lærarutdanningsinstitusjonane si utdanning i nynorsk er god nok. Berre 22 % av lærarane meiner utdanningsinstitusjonane si utdanning var god nok, men det er 73 % som meiner dei har nok fagleg kunnskap i nynorsk. Spørsmålet er då kvar lærarane har fått den faglege kunnskapen i nynorsk ifrå. Er det frå nynorskopplæringa i grunnskule og vidaregåande skule, eller har lærarane kvalifisert seg sjølv ved til dømes å førebu seg til undervisning, gå på kurs og/eller samarbeide med andre lærarar?

Dersom ein set spørsmålet om fagleg kunnskap i nynorsk i samanheng med spørsmålet om kor mykje norskutdanning lærarane har, kan ein sjå at av dei som har kortast norskutdanning (1/2 år) ut over vidaregåande skule, meiner 56 % at dei har nok fagleg kunnskap. Dette aukar til 80 % av dei som har 1 års utdanning, 92 % av dei som har 1½ år, og 100 % av dei som har hovudfag. Meiner dei har nok fagleg kunnskap til å gje fullgod nynorskundervisning. Det er tydeleg at lærarane føler seg i større grad fagleg kvalifisert til å undervise i nynorsk til meir utdanning dei har i norsk, sjølv om dei ikkje er nøgde med nynorskopplæringa dei har fått.

Når så mange av lærarane vurderer seg sjølv til å vere godt kvalifisert, så kan ein sjå det i samanheng med det høge utdanningsnivået mellom lærarane. Å ha fagleg sjølvtilleit er eit godt grunnlag for undervisninga, og det kan vere interessant å gå nærmare inn på fagkunnskapen til lærarane. Av dei lærarane som har ½ års utdanning meiner 10 av 18 (56 %) at dei har nok fagleg kunnskap om nynorsk til å gje fullgod nynorskundervisning. Av dei 44 som har eitt års utdanning, meiner 35 (80 %) at dei har nok utdanning, og av dei 11 som har 1½ år, er det 10 (97 %) som meiner det same. Alle dei 6 lærarane med hovudfag i norsk meiner at dei har nok fagkunnskap om nynorsk til å gje ei fullgod undervisning. Kjensla av å vere kvalifisert har altså nær samanheng med utdanningsnivå – til meir utdanning til betre kvalifisert føler lærarane seg til sidemålsundervisning.

v14 Nok fagleg kunnskap om nynorsk til å gje fullgod nynorskundervisning?
v4 Norskutdanning ut over vidaregåande skule

	Vassrett prosentuering		Sum	N=
	ja	nei		
1/2 år	55.6	44.4	100.0	18
1 år	79.5	20.5	100.0	44
mellomfag	91.7	8.3	100.0	12
hovudfag	100.0	0.0	100.0	6
Sum	77.5	22.5	100.0	80

Inkludert 80 einingar av i alt 88

Sjølv om så mange som 73 % meiner dei har nok fagleg kunnskap, ynskjer likevel 67 % av lærarane fagleg påfyll i høve til nynorskundervisninga. Her kan ein legge merke til at dei med høgast og lågast utdanning(hovudfag og ½ års norskutdanning) har høgast del av ja-svar på spørsmål om fagleg påfyll, 100 % av dei med hovudfag og 82 % av dei med ½ års

norskutdanning. Ynskje om fagleg påfyll er høgt også for dei som har 1 års og 1 ½ års utdanning, høvesvis 52 % og 64 %.

Om etter- og vidareutdanning heiter det i rammeplanen for lærarutdanninga: '*Både den generelle utviklinga i samfunnet og endringar i opplæringssystemet føreset stadig ny kunnskap hos lærarane. All grunnutdanning for lærarar må derfor utformast slik at ho inspirerer til og gir høve til å kvalifisere seg gjennom etter- og vidareutdanning'*' (Rammeplanen, 1999). Vidare heiter det: '*Solid fagkunnskap og dugleik i arbeidsformene til dei ulike faga er viktig, fordi det gjev tryggleik i møte med elevane og lærestoffet*'.

v22 Ønskjer du fagleg påfyll i høve til nynorskundervisninga?

v4 Norskutdanning ut over vidaregåande skule

	ja	nei	Sum	N=

1/2 år	82.4	17.6	100.0	17
1 år	52.4	47.6	100.0	42
mellomfag	63.6	36.4	100.0	11
hovudfag	100.0	0.0	100.0	6

Sum	64.5	35.5	100.0	76


Dette er eit positivt utgangspunkt for prosjektet når målsettinga er auka språkkunnskap. At lærarane ynskjer fagleg påfyll i høve til nynorskundervisninga, kan vere signal om at dei er opne for nye opplegg, metodar og forsøk for å få til betre nynorskoplæring.

Ei gransking frå Statistisk Sentralbyrå med tittelen 'Kompetanse i grunnskolen' fann at lærarane i stor grad ynskte å halde fram å undervise i dei fag dei underviser i, og når det galt norskfaget, var denne prosenten svært høg, heile 95 % (Lagerstrøm, B. O. 2000:1) Å kome lærarane i møte når det gjeld ønskje om fagleg påfyll når det gjeld nynorsk som sidemål, er eit viktig verkemiddel å ta i bruk for at lærarane skal kunne halde fram å undervise i den delen av norskfaget som mange tydeleg føler seg usikre på.

Nynorskundervisning i Bærum

Lærarane har svart på fleire spørsmål om korleis dei praktiserer opplæringa i nynorsk som sidemål.

v20 Når tok elevane i din klasse til med nynorskundervisning (i ungdomsskulen)?



På spørsmålet om når dei tek til med sidemålsundervisning, svarer 39 % at dei tek til i 8. klasse, 57 % svarer at dei tek til i 9. klasse, 4 % at dei tek til i 10. klasse. 9 % av lærarane har ikkje svart på spørsmålet.

I følgje L97 skal ein i 8. klasse:

- *byrje å bruke sidemål som arbeidsspråk* (L97:126)
 - *finne ut noko om korleis talemålet har endra seg og kva som påverkar talemålsutviklinga. Bli kjende med språkarbeida til Ivar Aasen og Knud Knudsen og utviklinga av nynorsk og bokmål* (L97:126)
- i 9. klasse: - *arbeide med formverket i sidemålet i tilknyting til tekster* (L97:128).
- i 10. klasse: - *arbeide med god språkføring og formell dugleik i bokmål og nynorsk knytt til arbeidet med eigne tekstar* (L97:128).

Læreplanen er klar og konkret på kva tid ein skal ta til med sidemålsopplæringa og kva som skal arbeidast med, men det er opp til den enkelte lærar å bestemme kor mykje tid han vil bruke på sidemål i kvar klasse. Om ein ikkje tek til med sidemålsopplæringa før 9. eller 10. klasse, følgjer ein ikkje intensjonane i læreplanen, og det er uheldig for nynorskopplæringa og heile norskfaget. Dersom ein utset arbeidet med å lære sidemål til 9. eller 10. klasse, må det verte mindre kontinuitet i arbeidet.

Lærebøkene i norsk har nok stor innverknad på undervisninga i nynorsk, og kapitla om nynorsk som sidemål varierer ein god del (jf. Jansson B. K. 2004a:37). Sjølv om det finst nokre gode hefte om sidemålsopplæring i nynorsk, så er det nok få skular som ser råd til å prioritere innkjøp av slike ekstrahefte. Difor er det viktig at emnet nynorsk som sidemål er innarbeidt i norskbøkene med særskilte kapittel, men også at det er integrert i heile norskfaget.

I samband med dette spørsmålet vil det vere interessant å gå nærmare inn på sidemålundervisninga ved å kartlegge kor mykje tid ein brukte på emnet i den enkelte klasse, kva slag læremiddel ein tek i bruk, kva arbeidsmåtar som vert nytta, og også sjå på læringsresultata for elevane. Først ved ei slik grundig kartlegging ville ein sjå meir nøyaktig kvar utviklingspotensiala ligg i opplæringa i nynorsk som sidemål.

5. I kor stor grad brukar du nynorsk som undervisningsspråk i norskundervisninga?

Meininga med spørsmålet var å få fram kor mykje lærarane brukar nynorsk skriftspråk når dei underviser. Spørsmålet verkar enkelt, men kan ha fleire feilkjelder. Det kan vere vanskeleg å svare på dette, fordi det er ei vurdering av eiga åtferd som ein vanlegvis ikkje kvantifiserer. Spørsmålet kan difor kome brått på, og vere vanskeleg å vurdere nøyaktig. I spørsmålet ligg det ei forventing om at ein skal bruke nynorsk som undervisningsspråk, og det er lett å svare etter forventingane. 67 % av lærarane har svart at dei brukar nynorsk som undervisningsspråk i 10 % av undervisninga, medan 31 % av lærarane har kryssa for 25 %. Om lærarane skriv så mykje nynorsk i undervisninga, og elevane legg merke til det, kan det vere til god hjelp for elevane i nynorskopplæringa, og lærarane kan vere gode modellar for elevane si nynorskskriving.

v5 I kor stor grad brukar du nynorsk som undervisningsspråk i norskundervisninga?

Kategorinamn	Antal	Alle %
10 %	52	59.1
25 %	24	27.3
50 %	1	1.1
100 %	1	1.1
Manglar	10	11.4
Sum	88	100.0

Inkludert 78 einingar av i alt 88

6. Er det vanskelegare å skrive nynorsk enn å skrive bokmål i undervisningssituasjonen?

Sjølv om ei stor del av lærarane skriv nynorsk i deler av undervisninga, svarar 60 % at dei synest det er vanskelegare å bruke nynorsk skriftspråk enn bokmål når dei underviser. Her kan ein av grunnane til motvilje mot nynorskundervisning hos mange av lærarane ligge. Dersom ein føler det meir krevande å skrive nynorsk enn bokmål, kan det føre til ekstra arbeid og meir tidsbruk til å førebu undervisninga, og at ein av den grunn helst vil sleppe å skrive nynorsk. Slik kan ein få ei minimalisering av nynorskundervisninga ved at ein prøver å unngå det som er vanskeleg og tidkrevjande. Læreplanen har ikkje krav om at eit eksakt timetal skal brukast til sidemålsopplæring, og det som vert opplevd som vanskeleg, kan difor nedprioriterast.

Resten av lærarane, 40 %, synest det er like greitt å skrive nynorsk som bokmål når dei underviser. Desse lærarane har eit godt utgangspunkt for undervisning i nynorsk som sidemål, og det tyder på at dei meistrar nynorsk skriftspråk så godt at det ikkje skaper ekstra vanskår for dei i undervisninga.

94 % av lærarane har bokmål som hovudmål, medan berre 6 % har nynorsk som hovudmål (svar på spørsmål 3). Å spørje om kva som er hovudmålet til kvar enkelt lærar meiner eg er relevant, fordi det er ein vanleg term å bruke i skule- og utdanningssamanheng. Når 40 % svarar at det er like greitt å skrive nynorsk, så fortel det mykje om kva sidemålsopplæringa i skulen har å seie for kunnskapen i nynorsk. Dersom ein så stor del av lærarane, som er lite nøgde med den nynorskopplæringa dei har fått på høgskular og universitet, likevel har lært å skrive like godt nynorsk som bokmål, kan sidemålsopplæringa i grunnskule og vidaregåande skule ikkje vere så fånyttes som ein ofte kan få inntrykk av.

v6 Er det vanskelegare å skrive nynorsk enn bokmål i undervisningssituasjonen?

v4 Kor mykje norskutdanning har du ut over vidaregåande skule?

Vassrett prosentuering

	Ja	Nei	Likestilt	Sum	N=
1/2 år	72.2	16.7	11.1	100.0	18
1 år	64.3	16.7	19.0	100.0	42
mellomfag	41.7	33.3	25.0	100.0	12
hovudfag	50.0	16.7	33.3	100.0	6
Sum	61.5	19.2	19.2	100.0	78

Inkludert 78 einingar av i alt 88

Som det går fram av tabellen, er det flest lærarar som synest det er vanskelegare å skrive nynorsk enn bokmål mellom dei som har kortast utdanning, men og mellom dei som har hovudfag i norsk (6 stk.) er det halvparten av lærarane som synest det er vanskelegare å skrive nynorsk enn bokmål. Å meistre nynorsk skriftspråk i undervisningssituasjonen ser ut til å vere eit reelt problem for over 60 % av lærarane, noko varierande etter kva utdanning dei har. Dette er signal til opplæringa i nynorsk som er nokså klare: å skrive nynorsk er vanskeleg også for mange lærarar, og skal resultatet av sidemålsopplæringa verte betre, må skriveopplæringa i nynorsk styrkast også i lærarutdanninga.

21. Samarbeider du med andre norsklærarar om nynorskundervisninga?

Samarbeid mellom norsklærarane om nynorskundervisninga er svært vanleg, 76 % svarar at dei gjer det. Prosjektet legg opp til å stimulere til endå meir samarbeid mellom lærarane gjennom ei felles [ressursside](#) (sjå adresse i litteraturlista) for nynorskundervisning spesielt laga for lærarar i Bærum, men med tilgang for alle. Her er undervisningsopplegg og tips om nynorskundervisning som skal vere til inspirasjon og hjelp for alle som er interesserte. Ein slik nettstad er eit læremiddel som kan vere svært nyttig for lærarar som føler dei har fått for lite opplæring i høve til nynorsk og undervisning, og eit godt supplement til lærebøkene.

24. Skriv eller les elevane i di klasse nynorsk i andre fag enn norsk?

På spørsmålet om elevane bruker nynorsk i andre fag enn norsk på skulen, er det 70 % av lærarane som seier at elevane ikkje gjer det. Av dei resterande er det 6 % som svarar at elevane skriv nynorsk, 17 % svarer at dei les nynorsk og 7 % svarer at dei både les og skriv

nynorsk i andre fag enn norsk. I L97 er det lagt vekt på at elevane skal bruke sidemålet som arbeidsspråk, altså at dei skal bruke både bokmål og nynorsk i skriftlege arbeid: *Dei får røynsle med sidemålet som eit bruksspråk, ikkje berre som eit oppgåvespråk og prøvespråk.* (L97:114). Likevel ser det ut til at for dei fleste er lesing og skriving på sidemålet (nynorsk) framleis mest knytt til norskfaget, og intensjonane om å bruke sidemålet (nynorsk) som arbeidsspråk i andre fag ser ut til å ha lite gjennomslag.

v24 Skriv eller les elevane i di klasse nynorsk i andre fag enn norsk?

Kategorinamn	Antal	Alle %	Gyldige
skriv	5	5.7	6.0
les	14	15.9	16.9
skriv og les	6	6.8	7.2
ingen av delane	58	65.9	69.9
Mangler	5	5.7	-
Sum	88	100.0	100.0

Inkludert 83 einingar av i alt 88

Det er i gang fleire forsøk i ungdomsskular (som har bokmål som hovudmål) rundt om i landet med å bruke nynorsk i andre fag enn norsk. I desse forsøksklassene får elevane lærebøker på nynorsk, og læraren og elevane skriv nynorsk i dette faget. Det er ingen skular i Bærum som er med på slike forsøk, men å lese og skrive nynorsk i andre fag enn norsk er brukt på fleire skular i Bærum. Særleg ein skule merkjer seg ut på dette området, og det er Ramstad skole. Der er det 4 lærarar som svarar at elevane *skriv* nynorsk i andre fag, 3 lærarar svarar at elevane *les* nynorsk i andre fag, og 2 lærarar svarar at elevane *både les og skriv* nynorsk i andre fag, medan 8 lærarar svarar at elevane ikkje verken les eller skriv nynorsk i andre fag enn norsk.

Om lærarane sitt hovudmål verkar inn på kor mykje nynorsk elevane skriv og les i andre fag enn norsk, ser ikkje ut til å ha nokon klar samanheng. To av dei fem lærarane som har nynorsk som hovudmål, seier elevane skriv og les nynorsk, medan dei tre andre svarar at elevane deira gjer ingen av delane.

v3 Hovudmål

v24 Skriv eller les elevane i di klasse nynorsk i andre fag enn norsk?

Råtal

	Nynorsk	Bokmål	Sum

skriv	0	5	5
les	0	14	14
skriv og les	2	4	6
ingen av delane	3	55	58

Sum	5	78	83

Inkludert 83 einingar av i alt 88

26. Er målforma eit viktig kriterium når du vel ut litterære (og andre) tekster?

Om målforma er eit viktig kriterium når lærarane vel ut litterære tekster til bruk i undervisninga, er det 36 % som svarer positivt på. Det kan ein forstå slik at desse lærarane passar på at nynorske tekster er ein del av det elevane skal lese i skulesamanheng. Det er overraskande at det ikkje er fleire av lærarane som tek omsyn til språkform når dei vel ut tekster.

v25 Er målforma eit viktig kriterium når du vel ut litterære (og andre) tekster?

Kategorinamn	Kode	Antal	%Alle

ja	1	32	36.4
nei	2	49	55.7
manglar	9	7	8.0

Sum		88	100.0

Inkludert 88 einingar av i alt 88

Å lese nynorsk er eit viktig grunnlag for å lære nynorsk, og i læreplanen L97 står det i innleiinga for norskfaget, under 'Arbeidsmåtar i faget':

Elevane møter sidemålet tidleg og får høve til å prøve det ut gjennom lesing og skriving i lengre tid utan at det skal vurderast. Dei får røynsle med sidemålet som eit bruksspråk, ikkje berre som eit oppgåvespråk og prøvespråk. Skriving blir knytt til lesing av litteratur og andre tekstar. På den måten bind ein språk og litteratur saman. Elevane må få prøve seg på ulike sjangrar og ulike typar tekstar og oppleve at dei blir flinkare til å skrive (L97 :113-114).

v25 Er målforma eit viktig kriterium når du vel ut litterære (og andre) tekster?

v4 Norskutdanning ut over vidaregåande skule

Vassrett prosentuering

	ja	nei	manglar	Sum	N=
1/2 år	38.9	55.6	5.6	100.0	18
1 år	34.1	56.8	9.1	100.0	44
mellomfag	25.0	58.3	16.7	100.0	12
hovudfag	50.0	50.0	0.0	100.0	6
Sum	35.0	56.3	8.8	100.0	80

Inkludert 80 einingar av i alt 88

Det ser ikkje ut til at målforma vert eit viktigare kriterium for utval av litterære tekster med aukande utdanning. Sjølv om halvparten av lærarane med hovudfagsutdanning seier målforma er eit viktig kriterium, så er det berre ein fjerdedel av lærarane med mellomfag som seier det same. Å lese litteratur på sidemålet og knyte skriving til lesinga, ser ut til å vere eit område som må styrkast i sidemålsopplæringa.

Haldningar til nynorsk

I denne granskinga prøver eg å finne ut noko om kva meininger og haldningar lærarane har til sidemålsopplæring i nynorsk ved å stille dei nokså konkrete spørsmål om språk og undervisningspraksis. Kva haldningar lærarane har til nynorsk skriftspråk, har nok innverknad på undervisninga dei gjev i sidemål, og difor er det interessant å finne ut noko om dette spørsmålet.

v19 Har du inntrykk av at elevane synest dei har utbytte av å lære nynorsk?

Kategorinamn	Kode	Antal	%Alle
ja	1	4	4.5
nei	2	79	89.8
manglar	9	5	5.7
Sum		88	100.0

Inkludert 88 einingar av i alt 88

Nesten 90 % av lærarane svarar *nei* på spørsmålet om dei har inntrykk av at elevane synest dei har utbytte av å lære nynorsk skriftspråk. Om lag 6 % har ikkje svart på spørsmålet, og

berre 5 % svarar *ja*. Dette er svært negative tal, og her må ein gå vidare med granskingar som kan finne ut om undervisninga i nynorsk som sidemål verkeleg gjev så lite utbytte for elevane som lærarane har inntrykk av. Kva lærer elevane i nynorskoplæringa? Kor mykje tid vert brukt på sidemål? Korleis arbeider ein med nynorsk som sidemål? Korleis vert nynorskoplæringa legitimert? Likeeins kan det vere interessant å sjå om det er andre undervisningsemne lærarane meiner elevane har lite utbytte av.

9. Meiner du det er ein fordel for elevane å lære å skrive både nynorsk og bokmål i skulen?

På dette spørsmålet svarar 61 % av lærarane at dei meiner det *ikkje* er ein fordel for elevane å lære å skrive både nynorsk og bokmål. Dette er svært alvorleg i høve til at nynorskoplæringa er obligatorisk, og at elevane har eksamen i både hovudmål og sidemål i siste klasse i ungdomsskulen. Når ein majoritet av lærarane meiner at skriftleg nynorskoplæring *ikkje* er til fordel for elevane, kan denne haldninga kome til uttrykk overfor elevane, og det er ikkje noko godt utgangspunkt for opplæringa i nynorsk som sidemål.

v9 Fordel for elevane å lære både bokmål og nynorsk (skriftspråk) i skulen

v4 Norskutdanning ut over vidaregåande skule

	ja	nei	manglar	Sum	N=
<hr/>					
1/2 år	27.8	66.7	5.6	100.0	18
1 år	36.4	61.4	2.3	100.0	44
mellomfag	41.7	58.3	0.0	100.0	12
hovudfag	50.0	50.0	0.0	100.0	6
<hr/>					
Sum	36.3	61.3	2.5	100.0	80
<hr/>					

Inkludert 80 einingar av i alt 88

Ut frå tabellen kan ein lese at det er aukande forståing for at elevane har fordel av å lære både nynorsk og bokmål som skriftspråk til meir utdanning lærarane har.

Negative haldningar til nynorskoplæringa kjem ofte til uttrykk i andre samanhengar enn på skulen. Professor Finn Erik Vinje, som er ein erklært motstandar av skriftleg sidemål i skulen, har uttalt om sidemålsundervisning: 'det er helt grotesk å tvinge elever til å uttrykke seg skriftlig på to målformer som er så like..' (Aftenposten 8.10.03). Professor Vinje er busett i Bærum, og har vore den mest brukte og aktive av fagfolka frå universitetet i Oslo i debatten mot skriftleg sidemålsopplæring, og han har vore svært markert i mediedebatten om

nynorskopplæringa i skulen. Negative haldningar til nynorsk som skriftleg sidemål frå ein kjend professor i språkvitskap skaper truleg ringverknader også til lærarane i Bærum. Likevel er det, som tidlegare sagt, mange faktorar som verkar inn på i haldningsdanning hos kvar einskild, og haldningsdanning går føre seg over lang tid.

Den affektive komponenten, kjensledele, av språkhaldninga er sterkt. Den norske språkdebatten om tilhøvet mellom nynorsk og bokmål, som har vore hard i mange år, er med å halde liv i kjenslene. I dette tilfelle der læreplanane seier noko om både kva haldningar som skal formidlast og korleis undervisningspraksis skal vere, er sjølv sagt respondentane under eit visst press når dei svarar på spørsmål som gjeld undervisinga, og kan ha vanskelegare for å uttrykkje personlege haldningar sjølv om respondentane i granskingsa er anonyme.

Ein kan konstatere at her finst det eit stort potensiale for haldningsendringar. På det opne spørsmålet om kva som er viktigast for å få til ei betre nynorskundervisning i ungdomsskulen, svarar ein lærar *'bytte til lærarar som er for nynorsk som sidemål'*. Det er nok eit godt forslag, for det må vere vanskeleg å drive motivert og engasjert undervisning om ein meiner at det ein arbeider med ikkje er til fordel for elevane ein underviser. Men å opparbeide engasjement og positive haldningar er både tidkrevjande og vanskeleg.

10. Kven meiner du påverkar mest haldningane elevane har til nynorsk og bokmål?

Det er ei vanleg førestilling at haldningsdanning eller haldningsendring går via ny kunnskap som skaper kjenslemessig engasjement, og så gjev klare oppfatningar om kva som er rette og galne haldningar. Haldningar kan ein seie har tre komponentar: ein kognitiv, ein affektiv og ein konativ, det vil seie at haldningar er samansette av både tankar, kjensler og handling. Den kognitive komponenten, eller informasjonskomponenten, omfattar tru og oppfatningar som får ein til å like eller mislike eit objekt eller ein situasjon. Den affektive komponenten fangar opp kjenslene i haldninga og omfattar både retning og intensitet. På grunn av kjenslekomponenten kan haldningar vere samansette og ambivalente, positive og negative på same tid, og vere av ulik styrke. Det viser seg ofte at samanhengen mellom og styrken av komponentane ikkje treng vere likeverdige, særleg handlingskomponenten kan vere avvikande frå og svakare enn dei to andre. Kva haldningar som betyr mykje eller lite for den som svarar på ei haldningsgranskning, er avhengig av vedkomande sitt verkelege liv, bakgrunn og oppfatning av kva som er viktig og mindre viktig.

Lærarane vart altså bedde om å svare på: *Kven meiner du påverkar mest haldningane elevane har til nynorsk og bokmål? Foreldra □ Lærarane □ Vener □ Media □(prioriter; skriv 1, 2, 3, 4).* Dei fleste lærarane, 46 %, meiner at det er foreldra som har mest påverknad. 32 % av lærarane meiner det er vener som har mest påverknad, 13 % meiner det er media, og berre 9 % av lærarane meiner det er dei som har størst påverknad på haldningane elevane har til nynorsk og bokmål. Få lærarar meiner altså at dei har størst påverknad, sjølv om dei har ansvaret for den faglege påverknaden gjennom undervisninga i bokmål og nynorsk i mange undervisningstimar over fleire år. Ein veit at haldningar vert påverka av kunnskap, og ein må tru at skulen og lærarane er den viktigaste kunnskapskjelda når det gjeld både nynorsk- og bokmålsopplæring. At lærarane meiner det er foreldra som har størst påverknad på haldningane til elevane, er og overraskande, like eins at vener har større påverknad enn både media og lærarar.

Svara tyder på at lærarane meiner haldningar til nynorsk og bokmål er noko som vert mest påverka utanom skuletida til elevane. Sjølv om det vert brukt mange skuletimar på sidemålsundervisning, har det likevel lite påverknad på elevane sine haldningar. Kvifor er det slik? Verkar undervisninga mot sitt føremål? Kvifor gjer ho i tilfelle det? Kvifor har meir tilfeldig påverknad større kraft enn undervisning og kunnskapstileigning? Finst det parallellear til slike meininger når det gjeld andre emne i skulen? Desse spørsmåla må ein gå nærmare inn på om ein skal få til betre sidemålsundervisning i nynorsk.

15. Føler du deg er nok fagleg engasjert i å lære elevane nynorsk?

På spørsmål om lærarane føler seg nok fagleg engasjerte i å lære elevane nynorsk, svarer 60 % at dei gjer det, medan 40 % svarer at dei ikkje gjer det. At faglege engasjementet frå læraren si side er viktig, har me vore inne på tidlegare, og her viser det seg også å vere eit stort forbettingspotensiale. Å få fleire lærarar fagleg engasjert i nynorskundervisninga er truleg det viktigaste ein kan arbeide med for å få betre resultat i emnet.

v15 Føler du at du er nok fagleg engasjert i å lære elevane nynorsk?
v4 Norskutdanning ut over vidaregåande skule

	Vassrett prosentuering			
	ja	nei	Sum	N=
1/2 år	66.7	33.3	100.0	18
1 år	60.5	39.5	100.0	43
mellomfag	41.7	58.3	100.0	12
hovudfag	83.3	16.7	100.0	6
Sum	60.8	39.2	100.0	79

Inkludert 79 einingar av i alt 88

Når ein ser på fagleg engasjement i nynorskundervisninga i samanheng med lengda på norskutdanninga, er det dei med lågast og høgst utdanning som er mest engasjert. Det tyder på at andre faktorar enn utdanning er meir avgjerande for engasjement i nynorskundervisninga.

Betre nynorskopplæring

28. Kva er, etter di meining, det viktigaste å ta til med for å få til betre nynorskundervisning i ungdomsskulen?

I denne granskninga er det to opne spørsmål. Når ein brukar opne spørsmål, får ein sjølvsagt meir nyanserte svar, men det kan vere vanskelegare å samanfatte og handsame spørsmåla systematisk. Dessutan tek det lenger tid å svare på opne spørsmål. Opne spørsmål brukar ein og når talet på svaralternativ er for stort, eller ein vil fange nye tendensar. Ved opne spørsmål er det respondenten som definerer og formulerer dei svarkategoriane han vil bruke. Det siste spørsmålet i spørjeskjemaet er eit ope spørsmål. Mange av svara var samanfallande, og det kom fram mange gode forslag frå lærarane som eg siterer utan å prioritere dei:

- *høre mer nynorsk*
- *lese mer nynorsk, også høytlesing*
- *være en engasjert lærer*
- *skrive mer nynorsk*
- *ikke tradisjonell skoleeksamen, men mappevurdering, der elevene skriver tekster av ulike sjangre og fra ulike fag*
- *nynorsk integrert i ulike fag, på den måten få til en mere positiv holdning til nynorsk*
- *begynne å lese nynorsk tidligere*
- *ikke så mye gramatikkundervisning*
- *holdningsskapende arbeid, begynne så tidlig som råd, varierer sjangre og bruksmåter, gjøre nynorsk naturlig, lese mye*

- *meir nynorsk integrert, god litteratur, artiklar på nynorsk frå dagspressa, dialektar*
- *arbeide med holdningene til lærere og elever*
- *lærebøker på nynorsk i andre fag, grammatikkoversikt i lærebøkene alle tre åra, bruke nynorsk som skriftspråk i andre fag enn norsk.*
- *kurs for lærere: hvordan motivere, ta bort 'grammatikkundervisning' i nynorsk og heller fokusere på litteratur*
- *motivasjon, motivasjon, nyere tekster*
- *motivering, mer 'up-to-date'-tekster*
- *velge tekster elevene opplever som verdifulle ut over det å være på nynorsk*
- *få bort valfriheten av former, nynorske tekstsamlinger, bedre og mindre affekterte lærebøker*
- *lese mer nynorsk, mer undervisning i dialekter, starte undervisninga før ungdomsskolen*
- *bare lese nynorsktekster, ikke tvinge elevene til å lære grammatikk og skrive*
- *motivere elevene ved å få hjemmene til å snakke positivt om norskfaget, lese morsomme tekster.*
Systematisere formverket ved intensivkurs i 10. klasse
- *integrert litteratur, estetiske opplevelingar; lyrikk, teater i samarbeid med institusjoner*
- *øke motivasjonen blandt elevene, lære bort enklest mulig, få elevene til å få glede av nynorsk, holdningsendring fra alle kanter*
- *gode moderne læremiddel, gode bøker for ungdom, bruke nynorsk i flere fag, få nynorsk naturlig inn i hverdagen i skriv og planer*
- *materiell, litteratur, filmer*
- *gjøre nynorsk mer normalt ved å bruke språket i større grad*

Her kjem det fram både erfaringar og haldningar til nynorskundervisninga, og i tillegg svært mange positive forslag til å forbetra undervisninga i sidemål. Lærarane veit mykje om kva som skal til for å få til betre sidemålsundervisning i nynorsk, men kanskje er det andre rammevilkår for undervisninga som gjer det vanskeleg å gjennomføre undervisninga slik lærarane veit det bør gjerast. Det er ei vanleg oppfatning at det som først og fremst kjenneteiknar 'den gode lærarar' er at ho/han er fagleg sterk og engasjert i undervisninga. Men lærarutdanninga og lærarane sine arbeidsgjevarar er ansvarlege for at den enkelte lærar får høve til å utvikle seg når det gjeld fagkunnskap og bruke sitt engasjement i undervisninga, slik at lærarane kan gjennomføre undervisninga mest muleg i tråd med det dei ønskjer.

IV. Samandrag

Denne granskinga seier noko om korleis norsklærarar i Bærum framstiller seg sjølve og elevane i høve til sidemålsundervisning og halldningar til nynorsk. Svara på spørsmåla kan i liten grad kontrollerast, men korleis lærarane oppfattar og framstiller sidemåloplæringa i nynorsk, er likevel svært interessant. Svara er med å skape grunnlag for endringar i sidemålsopplæringa, dei er ein peikepinn for retning på vidare gransking av sidemålsundervisninga og kan også fortelje noko om kvar det er viktig å ta fatt når ein vil endre sidemålsundervisninga i nynorsk til det betre.

Sidemålsundervisning i ungdomsskulen i Bærum er varierande på fleire måtar. Starttidspunktet er ulikt, under førti prosent av lærarane tek til med nynorskundervisning i 8. klasse. Nesten seksti prosent ventar til 9. klasse, ja nokre lærarar (4 %) ventar heilt til 10. klasse med å begynne med sidemålsundervisning. Dette er i strid med læreplanen: sidemålsundervisning som går over berre eitt eller to år, følgjer ikkje L97.

Lærarane i Bærum har høg utdanning i norsk, til saman nitti prosent av dei har eit halvt år eller meir, medan landsgjennomsnittet viser at om lag halvparten av lærarane har 5 vekttal (1/3 år) eller meir. Sjølv om lærarane har lang norskutdanning, er dei ikkje særleg godt nøgde med utdanninga dei har fått i nynorsk i lærarutdanningsinstitusjonane. Berre 2 av 18 som har rein høgskuleutdanning, synest opplæringa i nynorsk er god nok. Dei som har universitetsutdanning er noko meir nøgde (14 av 55 svarar *ja*), men ingen av gruppene er særleg godt fornøgde, til saman berre 19 av 87 meiner opplæringa i nynorsk er god nok i lærarutdanningsinstitusjonane.

Sjølv om mange er misnøgde med lærarutdanninga, meiner 73 % at dei har nok fagleg kunnskap i nynorsk, og samanhengen med lengda på utdanninga er klar. Lærarane føler seg tydeleg meir kvalifisert til høgre utdanning dei har. Likevel er det 60 % av alle lærarane som synest det er vanskelegare å bruke nynorsk enn bokmål i undervisningssituasjonen. Kva desse vanskane går ut på kan vere eit interessant felt å gå nærmare inn på ved eit seinare høve.

67 % av lærarane ynskjer fagleg påfyll i høve til nynorskundervisninga, og dei som har mest og minst utdanning har høgst svarprosent. Jamt over er fagleg påfyll eit behov hos dei fleste norsklærarane når det gjeld nynorskundervisning, og etterutdanning i samband med nynorskundervisning står høgt på ønskjelista for dei fleste lærarane.

Når det gjeld haldningar til nynorskundervisninga, er det 60 % av lærarane som meiner det ikkje er nokon fordel for elevane å lære både nynorsk og bokmål som skriftspråk i skulen. Nesten 90 % av lærarane har inntrykk av at elevane ikkje har utbytte av å lære nynorsk. Dette er svært negative tal for nynorskundervisninga. Her trengst det meir utfyllande gransking som kan kartlegge kva retning og styrke desse haldningane har.

Lærarane vart og spurde om kven dei meiner har størst påverknad på haldningane elevane har til nynorsk og bokmål, og lærarane meiner foreldra har størst påverknad, så vene, media og til slutt lærarane sjølve. At lærarane meiner foreldra har størst påverknad, vitnar om at det er eit kjenslemessig engasjement i høve til dette emnet i norskfaget som går langt ut over skule- og opplæringssituasjonen. Ein kan vidare spørje om kven som har påverka/påverkar foreldra, venene og journalistane i media? Kanskje har lærarane likevel ei viktig rolle i ein meir langsigkt samanheng?

60 % av lærarane svarar at dei føler seg nok fagleg engasjert når det gjeld å lære elevane nynorsk, medan resten svarar at dei ikkje gjer det. Eit av dei største forbettingspotensiala for nynorskundervisninga ligg truleg i få til større engasjement i undervisninga, men det er kanskje også noko av det vanskelegaste å få til. Likevel må ein tru at meir utdanning, kunnskap om og i nynorsk, påverkar engasjementet.

Ut frå denne granskinga ser det ut til at 'medisinen' som skal til for å forbetre sidemålsundervisning, er råd å få tak i:

- sidemålsundervisning alle tre åra på ungdomsskulen, meir bruk av nynorsk som arbeidsspråk for elevane også i andre fag enn norsk, begynne å lese og skrive nynorsk tidlegare, norskbøker med moderne nynorskkapittel i tillegg til at nynorsk må vere integrert i heile norskfaget
- meir vidareutdanning, fagleg påfyll i undervisning i nynorsk som sidemål for lærarar som alt arbeider i skulen
- lærarutdanninga i nynorsk må betrast; fleire timer til nynorskundervisning i allmennlærarutdanninga, skaffe lærebøker som tek for seg emnet nynorsk som sidemål og som legg opp til didaktisk refleksjon kring temaet (jf Jansson B. K. 2004 b)

Læreplanen og lærarane har nokså samanfallande syn på kva som skal til for å betre nynorskundervisninga: *Elevane møter sidemålet tidleg og får høve til å prøve det ut gjennom lesing og skriving over lengre tid...*(L97:113), og lærarane skriv: *'begynne å lese nynorsk tidligere'*, *'gjøre nynorsk mer normalt ved å bruke språket i større grad'*, *'skrive mer nynorsk'*. Ved å gjennomføre det som læreplanen for grunnskulen, L97, legg opp til (og lærarane veit må til), vil undervisninga i nynorsk som sidemål truleg bli betre. Dette må både styresmaktene og lærarane ta ansvar for vert gjort.

Litteraturliste

- Haraldsen, Gustav 1999: *Spørreskjemametodikk*. Oslo: Ad Notam Gyldental.
- Haug, Peder 2003: *Evaluering av Reform 97*. Noregs forskingsråd 2003
- Heggen, Kåre, Jon Olav Myklebust og Tormod Øia (red.) 2001: *Ungdom : i spenninga mellom det lokale og det globale*. Oslo: Samlaget.
- Hoel, Torlaug Løkensgard 1997: 'Læraren som forskar – sett med ein lærarforskars auge'
- I Grankvist, Rolf m.fl.(red.) 1997: *Klasserommet i sentrum : festskrift til Åsmund Lønning Strømnes*. Trondheim: Tapir.
- Jansson, Benthe Kolberg 2004a: *Kva slags sidemålsopplæring legg lærebøkene opp til når nynorsk er sidemålet? Ein analyse av lærebøker i norsk for ungdomstrinnet etter Reform 97*. Rapport i prosjektet "Nynorsk som sidemål". (Under arbeid)
- Jansson, Benthe Kolberg 2004b: *Nynorsk i lærarutdanninga. Undervisning og didaktisk refleksjon*. Rapport i prosjektet "Nynorsk som sidemål". (Under arbeid)
- Klette, Kirsti (red.) 1998: *Klasseromsforskning på norsk*. Oslo: Ad Notam Gyldental.
- KUD 1996: *Læreplanverket for den 10-årige grunnskolen. (L97)*. Oslo: Nasjonalt lærermiddelsenter.
- Lagerstrøm, Bengt Oscar 2000: *Kompetanse i grunnskolen. Hovedresultater 1999/2000*. Statistisk Sentralbyrå, Avdeling for personstatistikk/seksjon for intervjuundersøkelser.
- Mæhlum, Brit, Gunnstein Akselberg, Unn Røyneland og Helge Sandøy 2003: *Språkmøte. Innføring i sosiolinguistik*. Oslo: Cappelen.
- Rammeplan for almennlærarutdanning 1999. Akademika.
- Sakshaug, Laila og Åse Wetås 2004: 'Synsing og faglighet i sidemålsdebatten'. I *Norskklæraren* nr. 3 2004.
- Smidt, Jon 2004: *Sjanger og stemmer i norskrommet – kulturskaping i norskfaget fra småskole til lærerutdanning*. Oslo: Universitetsforlaget.
- St.meld.nr. 79 1983-84: *Om det pedagogiske utviklingsarbeidet i skolen og om forsøksvirksomheten i skoleverket skoleårene 1981-82 og 1982-83*.
- Tiller, Tom 1999: *Aksjonslæring. Forskende partnerskap i skolen*. Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Venås, Kjell 1991: *Mål og miljø*. Oslo: Novus forlag.
- Øia, Tormod 1994: *Norske ungdomskulturer*. Oslo: Oplandske Bokforlag.

Østbye, Helge i samarbeid med Kjell Knapskog 1994: *Metodebok for mediestudenter, en innføring i kvantitativ metode*. Rapport nr. 9. Bergen: Institutt for massekommunikasjon, Universitetet i Bergen.

Østbye, Helge, Knut Helland, Karl Knapskog og Leif Ove Larsen 2002: *Metodebok for mediefag*. 2. utg. Bergen: Fagbokforlaget.

<http://www.baerum.kommune.no/category.php/category/Nynorskprosjekt/?categoryID=6737>

http://www.ssb.no/emner/04/02/20/notat_200072/notat_200072.pdf

Spørsmål om nynorsk i undervisninga

1. Mann

Kvinne

2. Høgskuleutdanna

Universitetsutdanna

Utan formell lærarkompetanse

3. Kva er hovudmålet ditt? Nynorsk Bokmål

4. Kor mykje norskutdanning har du utover vidaregåande skule?

$\frac{1}{2}$ år 1 år Mellomfag Hovudfag

5. I kor stor grad brukar du nynorsk som undervisningsspråk i norskundervisninga?

10% 25% 50% 100%

6. Er det vanskelegare å skrive nynorsk enn å skrive bokmål i undervisningssituasjonen?

ja nei likestilt

7. Er dialekten din mest lik nynorsk eller bokmål?

Nynorsk Bokmål

8. Meiner du lærarutdanningsinstitusjonane gjev god nok opplæring i nynorsk?

ja nei veit ikkje

9. Meiner du det er ein fordel for elevane å lære både nynorsk og bokmål i skulen?

ja nei

10. Kven meiner du påverkar mest haldningane elevane har til nynorsk og bokmål?

Foreldra Lærarane Vener Media (prioriter; skriv 1, 2, 3, 4)

11. Meiner du skulen bør påverke haldningane elevane har til nynorsk og bokmål?

ja nei

12. Har de gått inn på kvifor elevane skal lære både nynorsk og bokmål i skulen?

ja nei

13 Snakkar de om forholdet mellom talespråk og skriftspråk i undervisninga?

ja nei

14. Meiner du at du har nok fagleg kunnskap om nynorsk til å gje fullgod nynorskundervisning?

ja nei

15. Føler du deg er nok fagleg engasjert i å lære elevane nynorsk?

ja nei

16. Har du som lærar nok tilgang på gode lærermiddel på nynorsk?

ja nei

17. Dersom du svarte **nei** på 16, kva saknar du? _____

18. Har du inntrykk av at elevane synest det er vanskeleg å lære å skrive nynorsk?
ja nei

19. Har du inntrykk av at elevane synest dei har utbytte av å lære nynorsk?
ja nei

20. Når tok elevane i di klasse til med nynorskundervisning (i ungdomsskulen)?
8. kl 9. kl 10. kl

21. Samarbeider du med andre norsklærarar om nynorskundervisninga?
ja nei

22. Ønskjer du fagleg påfyll i høve til nynorskundervisninga?
ja nei

23. I tilfelle ja på spørsmål 22, kva slag fagleg påfyll? _____

24. Skriv eller les elevane i di klasse nynorsk i andre fag enn norsk?
Skriv Les Ingen av delane

25. I tilfelle elevane brukar nynorsk i andre fag, kva fag er det? _____

26. Er målforma eit viktig kriterium når du vel ut litterære (og andre) tekster?
ja nei

27. Skriv nokon av lærarane som underviser i di klasse nynorsk i andre fag enn norsk?
ja nei

28. Kva er, etter di meining, det viktigaste å ta til med for å få til betre nynorskundervisning i
ungdomsskulen (set gjerne opp prioritert liste)?

